



TEVLINGSREGEL FOR NORGESKUNNSKAP

Revidert 2009



**NORGES
BYGDEUNGDOMSLAG**

MÅLET MED TEVLINGA

Denne tevlinga er ny av 2009, og fremstår som en hybrid mellom Dialekttevlings, NBU-quiz og Musikktevlings – altså de rene kunnskapstevlingene som står på NBUs Mesterskapsplan anno 2009.

Målet er ikke å lage "nok en" tevling som går på teorikunnskaper, men å lage en lightvariant av NBUs Dialekttevlings. Denne tevlinga har i en årrekke mistet deltakere, samt at interessen for og kunnskapen om denne tevlinga har vært jevnt over laber i en lang periode. Tevlinga er vedtatt inn på Mesterskapsplanen for 2010 i stedet for Dialekttevlings.

Innhold

NBU sender ut én fylkesrunde for denne tevlinga på våren hvert år, samt at kulturnemnda stiller med tevlingsoppgaven på sentrale arrangementer. Ut over dette skal arrangør selv lage tevlinga. Innholdet skal da bestå av momenter av følgende:

- Spørsmålene skal dreie seg om Norges land, kultur, historie, geografi ... osv.
- Man skal etterstrebe variasjon i spørsmålene.
- Lytteoppgaver
- Bildeoppgaver
- Rene tekstoppgaver
- AKTUELLE (nyhets-) temaer
- Variasjon i vanskelighetsgrad

Gjennomføring

Som på de andre kunnskapstevlingene i NBU kan man stille med lag med inntill fire deltaker, hvorav begge kjønn skal være representert. Tevlingen foregår over en på forhånd gitt tidsperiode, og tevlinga ledes av en person som leser/spiller av (etc.) oppgavene høyt. Det er arrangørs oppgave å sørge for skrivesaker til deltakerne.

Tips til innhold:

- Geografi

Vedlagt er forslag til tevling.

NORGES BYGDEUNGDOMSLAG 1992

Dette er ikkje nokon tevlingsregel, men heller ei rettesnor og eit hjelpemiddel for lokallag som ynskjer å laga tevling i bygdekjenenskap. Då tilhøva varierer ein god del frå bygd til bygd er det uråd å laga ein fast regel for ei slik tevling, men me vonar de her kan finna idear som kan letta arbeidet med å stella i stand ei tevling ut i frå dei føresetnadane de måtte ha i dykkar eige lokalsamfunn.

KVIFOR TEVLING I BYGDEKJENNSKAP?

Det er ei kjend sak at mange har heller dårleg kjenenskap til fakta om sitt eige lokalmiljø. Målsettjninga med tevlinga må vera å auka den einskilde sine kjenskaper til historia, nåtida og framtida i sitt eige bygdesamfunn. Og vidare vera med på å inspirera til deltaking i utforminga av bygda i framtida. Det å informera og skapa diskusjon bør såleis vera ei større målsettjning enn konkurransemomentet i ei slik tevling.

KORLEIS BRUKE TEVLINGA?

Ei tevling i bygdekjenning kan brukast i nær sagt alle samanhengar, som eige arrangement eller i samband med andre tilstellingar som lagsmøter t.d. Me trur tevlinga kan vera særst fin i presentasjon av organisasjonen utad, t.d. ved stands rundt om i bygda, på større felles arrangement der BU er med o.l. Tevlinga vil og høva godt i samband med diskusjonsmøte der ein tek opp aktuelle emne i bygda.

KORLEIS LAGA TEVLINGA?

Tevlinga er frå starten av tenkt som eit samarbeidsprosjekt mellom BP og tevlingsnemnda i lokallaga, men sjølv sagt kan ein og trekkja inn andre nemnder og einskildpersonar i utforminga av tevlinga.

Tevlinga kan lagast med to vanskelighetsgrader:

1. Som tippkonkurranse (1x2). Arrangøren lagar her tre alternative svar til kvart spørsmål, der berre eitt svar er rett og dette skal kryssast av.

2. Berre spørsmåla er oppført. Deltakarane skal sjølv formulera svara. Her må arrangøren på førehand vera viss på korleis svara skal vurderast, og det bør gjevast eit rimelig slingsmonn for kva som skal reknast som rett svar.

Antall spørsmål og poenggjeving for kvart svar er det opp til arrangøren å bestemma. Det er såleis heller ikkje mogleg å laga eit bestemt standard skjema for denne tevlinga, men den einskilde arrangør må sjølv utforma desse.

Deltakarane kan vera einskildpersonar eller lag (2-4 pers.). Det bør gjevast god tid på spørsmåla, og god tid til å gjennomgå og diskutera svara etterpå.

Har arrangøren tilhøve som ligg til rette for det, kan det gjerne brukast illustrasjonar til spørsmåla (bilete, teikningar, gjenstandar o.l.). (Kven - kva - kor - er dette? spørsmål).

EMNEOMRÅDE FOR TEVLINGA?

Her er ein del døme på emneområde ein kan henta spørsmål til tevlinga i frå. (Hugs at dette er ei bygdekjenningstevling, og ikkje fall for freistinga å bruka spørsmål som ikkje har tilknytting til lokalsamfunnet. Vær og sikre på at de kan gje eit heilt rett svar på eit spørsmål, før de stiller det).

Bygdehistorie/bygdekultur:

- Næringsgrunnlag og næringsliv for jordbruk, fiske, industri og servicefunksjonar storleik, tid- og stadfesting o.s.v.
- Kjende personar og hendingar i bygda opp gjennom tidene
- Kjende bygningar, monument e.l. tid- og stadfesting
- Dialekt
tidligare stadnamn
ord som ikkje lenger er så vanlege i bruk lokale namn på planter og dyr
- Tradisjonar
skikkar og tradisjonar som kjenneteiknar bygda
- Gamle arbeidsreiskaper (illustrasjonar?)
bruksting i hushald og næring som ikkje lenger er vanlege i bruk
- Musikk, litteratur, biletkunst o.l. laga av personar fra bygda

Geografi:

- Geografisk plassering av skular, institusjonar, bedrifter o.l.
- Faktiske mål
flatevidde, høgde o.l., lengde på elvar, storleik på vatn/sjøar o.s.v.
- Kva andre kommunar grensar bygda di til?

Samferdsle og kommunikasjon før og no:

- Vegar, jernbanar, bruer og andre ferdslveggar i bygda
namngjeving, tid- og stadfesting, storleik trafikkmengde o.s.v.
- Kollektivtransport før og no
antal koll.transportmiddel, antal passasjerar, prisar o.l.
- Privatbilisme før og no
antal privatbilar før og no
- Telefon
automatisering av sentralar, årstal, arbeidsplassar o.s.v.

Organisasjonsspørsmål:

- BU i bygda før og no
sentrale personar i organisasjonen opp gjennom tida og i dag medlemstal aktivitet

Samtidsspørsmål:

- Næringsliv
jordbruk, skogbruk, fiske, industri og servicefunksjonar reelle tal, storleik, antal
o.s.v. andre næringar: turisme o.l. geografisk plassering

Innbyggjartal? Til og fråflytting?

- Kor stor del av innbyggjarane er:
 - a) yrkesaktive
 - b) pensjonistar
 - c) skuleelevar eller under skulepliktig alder
 - d) arbeidsledige
- Kommunal politikk og administrasjon
samansetjing av kommunestyre, formannskap, nemnder og utval
- Busettnad
kvar ligg bustadsfelta?
storleik på bustadsfelt?
einebustad, rekkjehus, blokk?
- Skular (kor mange må ut av bygda for å gå på skule? grunnskule/vidaregåande) kva
slag skular storleik
elevplassar
leiing o.s.v.
- Andre offentlege institusjonar
sjukehus, gamleheim, barnehagar o.s.v.
- Miljø, friluftsområder
foreining, støy o.a.
trafikkfeller o.s.v.

Framtidsspørsmål:

- Planlagde vegar o.a. kommunikasjonsmiddel
- Planlagd bustadbygging
- Industriutbygging
- Kraftutbygging o.a. regulering av elvar og vatn
- Skular og offentlege institusjonar
elevantal i framtida (prognosar)
planlagd utbygging

STADER EIN KAN VENDA SEG TIL FOR Å FÅ OPPLYSNINGAR OM DESSE EMNA

- Bygdehistorie (dersom noko er nedskrive)
- Folk som arbeider med eller interesserar seg for bygdehistorie og elles eldre folk i det heile.
- Kartverk (nye/gamle)
- Kommune-administrasjon, kommune-arkiv - Kommuneingeniørkontoret -Skulekontoret
- Fylkesvegkontoret
- Busselskapet
- NSB, televerket, postverket o.a. - General- og reguleringsplanar - Statistisk sentralbyrå
- **Sist men ikkje minst - EIGNE KUNNSKAPER!**

Nå har de fått ein del tips om korleis de kan laga ei tevling i bygdekjenenskap. Det er sikkert mange andre emne de kan ta spørsmål i frå enn det som er ramsa opp her. Bruk fantasien! Og hugs at det viktigaste er ikkje korleis de lagar tevlinga, men at de i det heile tatt lagar ho!

LUKKE TIL!